



# FYLKESMANNEN I AUST-AGDER

Miljøvern avdelingen

Det Kongelige Fiskeri- og kystdepartement  
Postboks 8118 Dep

0032 Oslo

Dykkar ref.

Vår ref. (må givast opp ved svar)  
Sak nr. 2013/1252 / FMAADAM

Dato  
18.04.2013

## UTTALE - UTKAST TIL FORSKRIFT OM TILDELING AV LØYVE TIL HAVBRUK MED LAKS, AURE OG REGNBOGEAURE I SJØVATN 2013

I høringsbrev frå Fiskeri- og kystdepartementet av 4. mars 2013 går det fram at det skal lysast ut inntil 45 nye løyve til havbruk med laks, aure og regnbogeaure.

I førre tildelingsrunde, i 2009, var det ikkje opna for å søke løyve i fylka frå Rogaland til svenskegrensa. I utkastet som ligg føre no er det ikkje sett geografisk fordeling av løyva, ut over at det kan tildelast inntil 20 løyve i Finnmark og Troms. For øvrig skal løyve kunne tildelast i heile landet.

### Fylkesmannens vurdering

#### Naturverdiane

I høringsbrevet heter det i avsnitt 2: «Som all annan matproduksjon har havbruk innverknad på miljøet, og løyve til havbruk inneber at myndighetene godtek ein viss påverknad på det omliggande miljøet. Fiskeri- og kystdepartementet legg stor vekt på at denne påverknaden skal vere akseptabel, og at havbruksnæringa i alle tilfelle skal vere miljøforsvarleg».

I Aust-Agder er det berre eit havbruksanlegg for laksefisk, og heile kysten frå Lindesnes til svenskegrensa er i praksis nesten utan slike anlegg. På same kyststrekninga har bestandane av villaks i elvane hatt ei sers gunstig utvikling sidan årtusenskiftet. Elvane frå Ognå til Nidelva i Aust-Agder, som var laksetome grunna sur nedbør fram til utpå 1990-talet har nå ca 15 % av den totale elvefangsten av villaks i Norge. I tillegg er det rik førekomst av sjøaure på heile kyststripa.

Det er lite lakselus i regionen, og lus er ikkje til skade verken for laks eller sjøaure i regionen.

Det er etter vårt syn uhyre viktig at den gode utviklinga ikkje blir brote, både for den biologiske tilstanden i regionen og for det samfunnsøkonomiske potensialet som dei gode villaksbestandane representerer.

Uansett om havbruksanlegg utviklar betre metodar til å redusere rømming og lakselusmengde, vil nye anlegg i regionen tilføre vesentleg auka risiko for større innsig av rømt laks i elvane, og skader på laksesmolt, oppgangslaks og sjøaure. Ein slik påverknad vil ikkje vere akseptabel eller miljøforsvarleg, jamfør sitatet ovanfor frå høringsbrevet.

#### Forurensingsmessige tilhøve

Oppdrettsanlegg er den største nasjonale bidragsyteren til utslepp av næringsalter langs kysten. I ein artikkel frå Havforskningsinstituttet (*oppdrett og utslipp av næringsalter*, Husa, Vivian m.fl. i

Havforskningsrapporten 2010) blir utsleppet kvantifisert til 10,3 kilo nitrogen og 1,7 kg fosfor pr. tonn produsert laksefisk.

Området fra Svenskegrensa til Lindesnes er klassifisert som *følsamt område*, jf. kapittel 11 i forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften). Dette inneber at avlaupsreinseanlegg er pålagt strengare krav i dette området enn det som er tilfelle for resten av landet. Denne kyststrekninga er og rekna som eutrofipåvirka, jf. m.a. *St.meld. nr. 26 (2006 - 2007) regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand*. Ein bør vere varsam med å opne for aktivitetar som kan forverre situasjonen.

#### Tilhøve til Vassforskriften

Å etablere nye havbruksanlegg i denne regionen kan føre til forverring av tilstandsklassifiseringen for kystvatnet. Både utslepp av nitrogen og fosfor, stor fare for at laks og sjøaure blir påverka av auka lakseluspåverknad og store konsekvensar av moglege rømmingar frå anlegg vil ha betydelig negativ innverknad på det sårbare kystvatnet langs Skagerrakkysten. Det ligg i dag ikkje føre tiltak som kan avhjelpe desse risikofaktorane.

#### **Konklusjon**

Vi viser til vurderinga ovanfor og vil sterkt tilrå at det ikkje opnast for nye havbrukskonsesjonar på kyststrekninga mot Skagerrak, frå Rogaland til svenskegrensa.

Med helsing

Dag Matzow  
Seniorrådgiver

Bjørn Stokke  
seniorrådgiver

Brevet er elektronisk godkjent og sendast utan underskrift.  
Saksbehandlar: Dag Matzow